
Vår referanse 2021/20660-5
Dato 18.06.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale til dispensasjonssøknad - gnr 343 bnr 53 - fv 5316 Eikelandsvegen - Alver kommune

Viser til førespurnad om uttale, datert 31.05.2021, for tiltak på gnr. 343 bnr. 53 i Alver kommune. Vestland fylkeskommune uttaler seg som både eigar og forvaltar av fv. 5316 Eikelandsvegen. Uttalefrist er sett til 28.06.2021.

Saka gjeld

Det blir søkt om tilbygg på bustadhus. Dette inneber endra takkonstruksjon, carport på bakkeplan samt stue i 2. etasje. Det er opplyst at tiltak vil ligge 27 meter frå vegmidte av fylkesvegen. Situasjonsplan syner at tiltak vil ligge på framsida av huset. Området er definert som BFS - bustader - frittliggjande småhus, og ligg innafor regulert byggegrense i gjeldande områderegeringsplan for Rylandshøgda, plan-id; 125620160004. Omsøkt tiltak krev difor dispensasjon frå byggegrense mot veg.

Vurdering

Dei omsøkte tiltaka vil, etter det vi kan sjå ut ifrå illustrasjonar, ikkje medføre til utfordringar knytt til det å kunne snu og rygge på eiga eigedom. Samtlege tiltak er elles ikkje til hinder for trafikktryggleik, tilkomst, vedlikehald av vegen. På bakgrunn av dette har ikkje Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, merknader til omsøkt tiltak.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Sara Nordahl
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift